



Andreas Iversen Eiendomsselskap AS
Mjåtveitflaten 31
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1041 - 19/19185

Saksbehandlar:

Per Atle Sæle

per.atle.sale@meland.kommune.no

12.09.2019

Oppmålingssak gnr 22 bnr 119 og bnr 272 - Nye matrikkelbrev etter samanslåing og grensejustering med bnr 225

Syner til oppmålingsforretninga som vart halde 18.07.2019 der det vart frådelt to parsellar av 22/119. I etterkant av forretninga har eigar av 22/119 kommentert at dei hadde meint at størstedelen av 22/225 skulle inngå i den parsellen som har fått gnr 22 bnr 272.

Underteikna har drøfta saka med byggjesaksansvarleg Marianne Aadland Sandvik og kome fram til at 22/225 først kan slåast saman med 22/272 og deretter justera trekanten som naturleg grensar til 22/119. Eigar av 22/119, 225 og 272 er samd i denne løysinga og har 05.09.2019 kravd samanføyning av 22/225 med 22/272. Arealet som ligg på 22/225 er regulert til «annet friområde» i reguleringsplanen, medan arealet som vart frådelt på oppmålingsforretninga i juli til 22/272 er regulert til industri.

Kommunen har matrikkelført samanføyinga 11.09.2019 og deretter justert grensa mellom 22/119 og 22/272 ved at 22/119 har fått overført 44 m² frå 22/272. Justeringa er gjort som ein kontorforretning. Arealet som vert justert utgjør 4,4 % av arealet til 22/272 og ligg innafor grensa for ein-sidig justering på 5 %.

Det er skriva ut nye matrikkelbrev for 22/119 og 22/272 som følgjer vedlagt.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV – VI kan det klagast på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

22_119matr

22_272matr_ny